




Figur 1 - Surnadal vidaregåande skole



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Surnadal vidaregåande skole

Årsmelding skoleåret 22-23



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	5
3. Læringsmiljø	6
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	6
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	7
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	10
4. Skoleårsresultat	12
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	12
4.2 Karaktersnitt	14
4.3 Fråvær	15
4.4 Elevar som har slutta	16
4.5 Overgangar	17
5. Leiing og profesjonsutvikling	19

1. Rektor har ordet

Surnadal vidaregåande skole hadde skoleåret 22-23 191 elevar fordelt på dei 5 utdanningsprogramma studiespesialisering, helse- og oppvekstfag, elektro og datateknologi, teknologi- og industrifag og bygg- og anleggsteknikk. Skolen rekrutterer elevar i hovudsak frå Surnadal, Rindal og Heim. Itillegg har vi kvart år elevar frå Sunndal. Utdanningstilboda er langt på veg i samsvar med behovet i regionen.

Trass synkende elevtal og reduserte budsjetttrammer har vi også i 22-23 greidd å ivareta breidda i utdanningstilboda, noko som er viktig for at ungdommar i distrikta skal kunne ha dei same moglegheitene som ungdommar kring byane. Vi er bekymra for at skolen må gjera prioriteringar framover, dette utfordrar oss på å tenkje nytt. Vi ynskjer å arbeide for at skolen framleis skal vera det naturlege førstevalet for ungdommane i regionen, samtidig må vi tenkje ut over eigen region. August -24 trer ny opplæringslov i kraft, mellom anna med ein fullføringsrett. Vi er spente på korleis dette vil påverke utdanningstilboda og rekruttering av elevar, og kva moglegheiter dette gir for skolen.

Trøndelagsavtalen, som sikrar elevar frå Heim, Rindal og Aure kommune rett til å velje vidaregåande på Nordmøre, er særst viktig for skolen. Å arbeide for å oppretthalde avtalen, som gir elevane i vår naturlege bo- og arbeidsregion moglegheit til å søkje skoleplass hjå oss også i åra framover, vil bli høgt prioritert også i 23-24.

Skolen sitt overordna mål er at elevane skal fullføre, vera budde på det som kjem og meistre liva sine i medgang og motgang. Alle tilsette skal vera tett på alle elevar til ei kvar tid. Dette målretta arbeidet ser vi spor av, elevane våre gir tilbakemelding om at dei trivst og opplever å vera trygge. Gode relasjonar ligg til grunn for elevane si læring. Å lukkast med dette er sentralt for at elevane skal gjennomføre og fullføre. Fag -og elevsamtalar er eit eksempel på eit viktig tiltak kor ein er tett på elevane både fagleg og relasjonelt.


Vi ynskjer å vera ein skole for framtida, som imøtekjem den lokale, regionale, nasjonale og internasjonale arbeidsmarknaden i eit samfunn i stadig større utvikling.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	32,4
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,0
Tal på årsverk andre tilsette	4,5

Skolen har 32,4 årsverk pedagogisk personale, samt 3 årsverk til leiing. Leiinga består av rektor, assisterande rektor, avdelingsleiar for yrkesfag og avdelingsleiar for studiespesialisering. Dei to sistnemnte har 50% undervisning lagt til stillinga si. Skolen har vidare 2 årsverk merkantilt tilsette (inkludert 0,34 årsverk bibliotek) og tre reinhaldarar på til saman 2,5 årsverk.



Figur 2 - Skolen sin organisasjonsmodell

Pedagogiske personale, inkludert leiinga, utgjør til saman 38 tilsette. Inkludert i dette talet er ein vernepleiar og ein spesialpedagog. Av desse totalt 38 er 61% kvinner og 39% menn. Når merkantilt tilsette og reinhaldarar reknast med er den prosentvise fordelinga mellom kvinner og menn hhv. 65% og 35%.

Skolen har en rådgevarressurs på 50%. Rådgevar er også OT-kontakt for kommunane Aure, Smøla og Surnadal. Skolen har 20% IKT-ressurs. Driftsteknikar er organisert inn under bygg- og eigedomsavdelinga, men lokalisert på huset. Skolen har privat kantinedrift, og opplæringskontoret har tilhald hjå oss. Kommunen sitt ungdomsteam

(førebyggingsrådgivar, ungdomskontakt og helsesjukepleiar), har faste trefftider kvar veke på skolen for elevane. Det same har PPT.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	12	11	11	34
Teknologi og industrifag	14	10	0	24
Bygg og anleggsteknikk	10	7	0	17
Helse og oppvekstfag	11	12	0	23
Studiespesialisering	34	25	23	82
Påbygg generell studiekompetanse	0	0	11	11
Total	81	65	45	191

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	22
---	----

Skoleåret 22-23 hadde skolen 191 elevar fordelt på 14 klassar. I det samla klassetalet ligg det 2 halvklassar; vg2 barne- og ungdomsarbeidar og vg2 helsefagarbeidar. Skolen hadde 0,5 klasseressurs ekstra på vg1 ST, men fordelte dei 34 elevane i 2 klassar fordi vi ikkje har store nok klasserom til å samle heile elevgruppa. Elevtalet fordeler seg relativt jamt mellom studiespesialisering (inkludert påbygg) og yrkesfag, med 93 elevar på ST og 98 elevar samla på yrkesfaga.

Skoleåret 22-23 hadde skolen 21 minoritetsspråklege elevar med vedtak om særskilt språkopplæring, og det vart gjort 3 enkeltvedtak om spesialundervisning.

2.3 Inntak vgl – føresetnader

2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	2,8%	1,6%	2,9%
0 - 25	0,9%	1,0%	1,3%
25 - 30	3,7%	3,7%	3,8%
30 - 35	19,4%	13,6%	9,6%
35 - 40	13,9%	15,7%	15,2%
40 - 45	26,4%	23,6%	22,4%
45 - 50	18,1%	22,5%	23,3%
Over 50	14,8%	18,3%	21,4%

2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Surnadal vgs	41,0	40,8	41,0	41,4	42,4
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tabell 2.3.1 syner at andelen elevar med grunnskolepoeng frå 45-50 og oppover har auka frå 21-22 til 22-23, medan andelen elevar med grunnskolepoeng mellom 30-35 og 40-45 tilsvarande har minska i same periode. Om ein samanliknar skolen og fylket ser ein eit avvik spesielt for grunnskolepoeng 30-35, her ligg skolen klart høgare enn fylket. For poengsum over 50 er det omvendt, her har fylket betydeleg høgare tal enn skolen.

Tabell 2.3.2 syner at karakterpoengsummen frå grunnskolen har auka jamt frå 19-20 til 22-23, både for skolen og fylket. Noko kan kanskje forklarast med ei elevgruppe som har høge ambisjonar. Auka karaktersum kan også ha tett samanheng med koronapandemi og avlyste eksamenar over fleire år. Det blir interessant å følgje med på utviklinga no som koronapandemien er over, mellom anna med ordinær gjennomføring av eksamen.

Allereie for skoleåret 23–24 bør vi kunne sjå antyding til om dette påverkar karakterpoengsummen.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Oppsummering og analyse av resultata

Skolen sine resultat frå elevundersøkinga syner grønne score for parametrane “støtte frå lærar”, “læringskultur”, “felles reglar” og “faglig utfordring” for alle trinna (vg1, vg2 og vg3). For parametrane “støtte frå lærar», «støtte heimefara», “mestring” og “motivasjon” syner elevundersøkinga grønne score for både vg1 og vg2, medan vg3 har gule score. Vg2 hadde også grøn score for “trivsel”, medan vg1 og vg2 hadde gul score. Parametrene “vurdering for læring” og “elevdemokrati og medvirkning” fekk oransje score i elevundersøkinga for vg3, medan både vg1 og vg2 fekk gul score for “vurdering for læring”. “Elevdemokrati og medvirkning” syner også oransje score for vg1, medan vg2 har gul score.

Når ein samanliknar resultata frå elevundersøkinga for vår -23 med vår -22, ser ein at resultata anten gått ned eller held seg på same nivå. Sidan mange av parametrane uansett har høge score – over 3,5 – indikerer resultata likevel mellom anna at elevane møter ein skole som gir dei faglege utfordringar, samtidig som elevane opplever meistring. Vidare viser resultata at elevane trivst og opplever støtte frå lærarane. Dei 2 parametrane med lågast resultat i våren -22 hadde også lågast resultat våren 23. Dette gjeld parametrane “elevdemokrati og medvirkning” og “vurdering for læring”.

Resultata frå elevundersøkinga er gjennomgått og drøfta i ulike grupper, råd og utval, og det er sett ned tiltak for vidare arbeid, sist og endeleg i skolemiljøutvalet. Skolemiljøutvalet ynskte å prioritere «trivsel» som bevaringsområde og elevdemokrati som

forbetringsområde. Skolen hadde også dei same prioriteringsområda skoleåret 21-22, dette er eit arbeid som må forankrast over tid. Arbeidet med elevdemokrati og medverknad, vurderingspraksis og trivsel er forankra i skolen si handlingsplan for kvalitet i opplæringa.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	6
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Generelt om læringsmiljøet

Skolen hadde eitt prioritert mål innanfor hovudområdet **læringsmiljø** skoleåret 22-23: «Vi skal ha eit læringsmiljø som fremjer trivsel og læring, og kor elevane opplever ein trygg og god skolekvardag». Sentrale tiltak for skoleåret 22-23 innafor hovudområdet var: Nulltoleranse mot mobbing, vidareutvikle VIP-makkerskap for alle Vg1-elevane, aktiv bruk av rutinar for 9a, og å følgje opp minoritetsspråklege elevar. Skolen har arbeidd godt med tiltaka og arbeidet blir vidareført i 23-24.

Vi har ekstra fokus på elevmedverknad, mellom anna gjennom å arbeide med elevane si medverknad i eiga undervegsvurdering, og gjennom eit tett samarbeid med elevrådet.

Forebyggjande systemarbeid - skolemiljø

Skolen arbeider systematisk med skolemiljøet. Elevar og føresette blir orienterte om skolen sitt arbeid med 9A og aktivitetsplikta allereie på informasjonsmøte på ungdomsskolen, og temaet er vidare oppe i ulike fora på eigen skole jamt gjennom året.

Aktivetsplanar

Skolen har låg terskel for å opprette aktivetsplanar som omhandlar det psykososiale skolemiljøet, noko som kjem eleven til gode. Skoleåret 22-23 vart det oppretta 6 aktivetsplanar med bakgrunn i aktivetsplikta etter §9a-4. Det vart ikkje oppretta planar etter §9a-5 (skjerpa aktivetsplikt dersom ein som arbeider på skolen krenkjer ein elev), heller ikkje etter §9a-7 (det fysiske skolemiljøet).

Skolen sitt innsatsteam mot mobbing (SIM)

Skolen har eit aktivt innsatsteam mot mobbing (SIM) og innarbeidde rutinar som omhandlar skolemiljøet. Skoleåret 22-23 vart rutineane endra og gjort betre tilgjengeleg for dei tilsette. Mellom anna vart rolla til kontaktlærar styrka, i tråd med fokuset på å vera tett på eleven, på lågast mogleg nivå (omtala innleiingsvis i årsmeldinga).

Når saker dukkar opp avklarar SIM straks saman med kontaktlærar omfanget. Når saka utløyser skolen si aktivetsplikt, blir skjema for varsel fylt ut og vidare følgd opp av SIM i tråd med rutineane.

SIM har også ei sentral rolle i det førebyggjande arbeidet. I samband med revidering av rutineane vart SIM utvida. Frå før var PPT-kontakt, rådgjevar og rektor medlemmar, no er også skolen sine 3 avdelingsleiarane med. Avdelingsleiarane blir kopla på ved oppfølging av enkeltsaker (kartlegging, samtalar med meir), medan dei tre førstnemnte held tråden i det kontinuerlege systemarbeidet. Utvidinga av SIM styrka skolen si moglegheit til å vera tett på elevane. SIM møtast fast månadleg, då står både system- og individsaker på agendaen. I tillegg møtast utvida SIM ved behov/når akutte saker oppstår.

Inkluderande russetid

Skolen starta med å involvere seg i større grad i russetida skoleåret 21-22, og heldt fram med dette arbeidet i 22-23, fordi vi ser at russetida i for stor grad påverkar skolemiljøet negativt for våre elevar. Russe- og avgangstida er krevjande for mange, spesielt når det kjem til økonomi og inkludering. Tiltak som er sett i verk er å utarbeide og følgje rutinar for ei inkluderande russetid. Som eit ledd i dette gjennomførast jamlege samarbeidsmøte

med russeren. Skolen sponsar også felles avgangsgenser for alle avgangselevar, involverer seg i arbeidet med russeknutar og vidareutviklar dei allereie etablerte samarbeidspunkta vi har med lokalsamfunnet. Skoleåret 22–23 oppretta russeren på eige initiativ sjefar for inkludering. Dette ser vi på som eit teikn på at arbeidet vi legg ned for å sørge for ei inkluderande russetid for alle gir effekt. Arbeidet held fram i 23–24.

VIP-makkerskap

Surnadal vgs er ein VIP makkerskap skole. Eit viktig tiltak innafor VIP makkerskap er at kontaktlærar sett elevane saman i faste samarbeidspar/makkergrupper på vgl. Makkerpara blir bytta på jamleg gjennom skoleåret, slik at elevane blir trygge på kvarandre. Gjennom VIP makkerskap blir elevane kjende med og trygge på dei fleste elevane i klassen. Skoleåret 23–24 har vi som mål å vidareutvikle VIP makkerskap.

Ressursteam og tverrfagleg team

Skolen har møte i ressursteam tredje kvar veke. Teamet består av leiargruppa, rådgjevar, OT-kontakt, spesialpedagog og PPT-leiar. Ressursteamet arbeider både på systemnivå og med individsaker. I det individuelle arbeidet har ressursteamet fokus på elevar med faglege og sosiale utfordringar, både dei med vedtak om spesialundervisning og andre som treng ekstra støtte. Eit eksempel på systemarbeid skoleåret 22–23, er strategi knytt til «kompetaseløftet – spesialundervisning og inkluderande fellesskap».

Elevane sitt læringsmiljø blir påverka av det som skjer utanfor skoletida. For å ta høgde for dette deltek skolen i «Tverrfagleg team», eit kommunalt møtepunkt kor ulike instansar som arbeider med unge møtast jamleg. Deltakarar er rektor og rådgjevar frå Surnadal barne- og ungdomsskole og vidaregåande skole, ungdomsteam, ruskontakt og politi.

Tilpassa opplæring, spesialundervisning og inkluderande praksis

Eit viktig område innanfor læringsmiljø er tilpassa opplæring. Føresetnader for å lykkast med tilpassa opplæring er mellom anna at lærarane er godt kjende med elevane sine læreføresetnader. I overgangen frå ungdomsskolen til vidaregåande hadde vi også skoleåret 22–23 eit godt samarbeid med rådgjevarane i ungdomsskolane. Ei

gjennomgåande PP-teneste gjer også sitt til at vi får god kjennskap til vg1- elevane når dei startar hos oss.

Før skolestart gjennomførast det kvart år, saman med PPT, klasselærarmøte i alle klassar. Der blir faglærarane orienterte om elevane i dei enkelte klassane. I løpet av første og andre skoleveke gjennomførast vidare klasselærarmøte i alle vg2- og vg3- klassar. I tillegg til dei enkelte klassane sine faglærarar er også PPT og kontaktlærarane frå fjorårets vg1- og vg2- klasse med på møta.

Skolen har arbeidd systematisk med tilpassa opplæring over tid. Skoleåret 22-23 var ikkje noko unntak. Likevel har vi ein veg å gå når det gjeld å auke kompetansen på spesialundervisninga som blir gjeve i ordinær gruppe. Vi ynskjer i tråd med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis å gi mest mogleg av spesialundervisninga i ordinær klasse, slik kjem tiltaka innanfor spesialundervisning heile elevgruppa til gode. Skoleåret 21-22 vart kompetansen til personalet kartlagt innafør området («Kosip-undersøkinga»), og skoleåret 22-23 skal vi arbeide vidare med kompetanseutvikling, med kartleggingsresultata frå undersøkinga m utgangspunkt.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret) <i>5 styremøte, 6 møter i elevrådet</i>	11
Møter i skolemiljøutval	2
Møter i skoleutval	3

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	nei

Elevdemokrati og elevmedverknad

Elevdemokratiet og elevane si oppleving av reell medverknad er sentralt i elevane sin trivsel og læring. Skolen la skoleåret 22-23 til rette for at alle elevane kunne delta i elevundersøkinga og undervisningsevalueringa. Temaet elevdemokrati og elevmedverknad vart og drøfta i samanheng med oppfølging av elevundersøkinga i personalet, i elevrådet og i skolemiljøutvalet. Det vart sett ned tiltak som skal evaluerast skoleåret 23-24. Vi er bevisste på å knytte arbeidet med elevdemokrati og elevmedverknad til arbeidet med undervegsvurdering og elevane si eigenvurdering i fag.

Aktivitet i elevrådet

Skolen hadde skoleåret 22-23 eit aktivt elevråd med 11 møter. Elevrådet hadde oppe aktuelle saker som sunnare utval kantina, inkluderande russetid, OD-dagen, elevundersøkinga og undervisningsevalueringa, og arbeid med saker til elevtinget (inntaksordninga, fråværsproblematikk, skolehelsetenesta, eksamen/sluttvurdering).

Skoleåret 21-22 fekk elevrådet tilslag på ungdomsmidlar som vart bruka til å gjennomføre ulike trivselstiltak samla i ei «sosialveke». Elevrådet 22-23 søkte også om dette for å kunne vidareutvikle det gode arbeidet frå året før, men fekk dessverre ikkje tilslag. Dei søker att i 23-24.

Elevrådet arbeidde også med korleis dei best mogleg kunne få flyt i arbeidet – frå klasseråd, til elevråd, til elevrådsstyre – og omvendt. Ei sak dei vil prioritere i 23-24 er korleis tillitselevane kan trygge og støtte kvarandre i å lede klassens time og å ta opp saker og drive inkluderande prosessar i klassane på best mogleg måte.

Kontaktlærarar og faglærarar tek elevrådsarbeidet på alvor, og tillitselevane får tid til elevrådsarbeid når dei treng det. Rektor (elevrådskontakt), elevrådsstyre, faglærarar og kontaktlærarar støtter tillitselevane i arbeidet.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	86,9%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	80,0%	71,4%	-	76,5%
Elektro og datateknologi	83,3%	81,8%	72,7%	79,4%
Helse- og oppvekstfag	81,8%	75,0%	-	78,3%
Påbygg til generell studiekompetanse	-	-	63,6%	63,6%
Studiespesialisering	94,1%	96,0%	91,3%	93,9%
Teknologi- og industrifag	100%	100%	-	100%
Total	90,1%	87,7%	80,0%	86,9%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Surnadal vgs	93,8%	94,8%	93,1%	93,1%	86,9%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen har mål om gjennomføringsprosent på minst 90%. Sentrale tiltak for å nå målet som kan nemnast: Samarbeid med føresette så lenge vi har moglegheit til det, følge standardar for kontaktlærar og faglærar, faste klasselærarmøte, låg terskel for avklaringssamtalar, høg lærartettleik, jamlege møter i skolen sitt ressursteam, fokus på eit trygt og godt skolemiljø, tett og godt samarbeid med ungdomsskolane,

skolehelsetenesta og PPT, følgje opp hybelbuarar spesielt, sist gjennomføre eiga undervisning for elevar som tek opp att eksamen. Tiltaka er forankra i skolen si handlingsplan.

Skolen sine tal for fullføring har tradisjonelt vore høge, og tala har jamt spegla trenden samla for fylket. Skolen hadde imidlertid ein tydeleg nedgang frå 93,1% skoleåret 21-22 til 86,9% skoleåret 22-23. Vi ser ein spesielt låg gjennomføringsprosent på påbygging til generell studiekompetanse. Elevtalet i denne klassen var berre 11 ved skolestart hausten - 23. I løpet av skoleåret slutta 2 elevar og 2 elevar strauk til eksamen, noko som førte til låg gjennomføringsprosent. 4 elevar som var inntekne som fulltidselevar på yrkesfag valde å berre fullføre fellesfaga. Ein av desse gjekk i lære i rørleggarfaget, medan 2 har gjort eit omval til skoleåret 23-24. Vi hadde skoleåret 22-23 også 2 elevar med vedtak om utdanningsprogram over 2 år.

Det var totalt sett 11 elevar skoleåret 22-23 som fullførte, men som ikkje bestod. Dette er ein elev mindre enn skoleåret 21-22. For 2 elevar var orsaka overskride fråværsgrænse eller mangel på vurderingsgrunnlag, 2 fekk karakter 1 til standpunkt, medan 7 strauk til eksamen. Vi vonar at fleire av desse skal kunne bestå ved NUS-eksamen hausten -23.

Vi er spente på korleis tala for fullført og bestått utviklar seg dei kommande åra. Vi er bekymra for at synkande elevtal på distriktsskolar får så store konsekvensar for skolen sine rammar og ressursar at vi må gå ned i kvalitet på opplæringa. God kvalitet på opplæringa er, saman med tett oppfølging av elevane, nøkkelfaktorane for gode gjennomføring- og fullføringstal.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Bygg- og anleggsteknikk	3,71
Elektro og datateknologi	3,93
Helse- og oppvekstfag	4,64
Påbygg til generell studiekompetanse	3,73
Studiespesialisering	4,46
Teknologi- og industrifag	4,07

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Surnadal vgs	4,19	4,23	4,28	4,26	4,23
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

For læringsresultat hadde skolen skoleåret 22-23 mål om at «vi skal gi ei opplæring som opplevast overkommeleg og tilstrekkeleg utfordrande». Sentrale tiltak her er at alle skal vera tett på og støtte eleven og følgje skolen sine standarar for kontaktlærar og faglærar, og systematisk arbeid med elevmedverknad i undervegsvurderinga.

Samla karaktersnitt for skolen skoleåret 22-23 er tilnærma likt skoleåra 19-20, 20-21 og 22-23. Karaktersnittet for skolen speglar langt på veg fylkessnittet.

Elevane sitt låge fråvær samla sett er nok med og påverkar læringsresultatet positivt. Det same gjeld elevane sin trivsel, som samla sett rapporterast som god. Vi opplever også å ha ei elevgruppe som ynskjer å gjera det godt på skolen og som dermed motiverer kvarandre til innsats i læringsarbeidet. Skolen held fram det systematiske arbeidet skoleåret 23-24, med fokus på dei same tiltaka som i 22-23.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	8,5	12,9	6,0%
Vg1	7,9	12,3	5,6%
Vg2	9,1	11,2	6,1%
Vg3	8,8	16,4	6,6%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Surnadal vgs	4,9%	3,1%	2,0%	2,4%	6,0%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen sitt totale elevfråværet skoleåret 22-23 var 6,0%, i 21-22 2,4%. Prosenten har altså auka betydeleg. Dette har naturleg samanheng med at 3-årig unntakstilstand på grunn av koronapandemien er over, og ordinært fråværsreglement igjen er gjeldande.

Skolen sin prosent på 6,0% er noko lågare enn prosenten for fylket samla sett, som er 6,6%.

Vi meiner å sjå gode haldningar hjå elevane når det kjem til oppmøte. Dei fleste av elevane har høg terskel for å vera vekke, dette har ein smittande effekt på resten av elevmassen. Det er som regel ei lita gruppe elevar som er orsak til ein stor del av fråværet.

Vi trur og at høg trivsel hjå elevane, i kombinasjon med at vi er "tett på", er av stor betydning. I dette arbeidet er kontaktlærar viktigast, men og arbeidet til rådgjevar, faglærarar, andre tilsette ved skolen og ungdomsteamet verkar positivt inn.

Elles er det verd å nemne at ein god del av fråværet skuldast køyretimar, anten for lett motorsykkel eller bil. Som ung på landsbygda, kor det er eit begrensa kollektivtilbod, er det å køyre opp noko dei fleste ungdommane opplever som nødvendig. Og om ein skal på glattkøyning eller by-køyning går det med ein heil skoledag når ein bur i Surnadal.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022-23

Prosent	Tal
4,2%	8

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Surnadal vgs	2,7%	1,7%	2,5%	2,3%	4,2%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skoleåret 22-23 var det 4,2% av elevane som slutta, dette er ein tydeleg auke frå 2,3% i 2021-22. Dette er det største talet på «sluttarar» skolen har hatt på mange år. Vi arbeider iherdig og systematisk for at elevane skal fullføre og bestå, men trass godt arbeid frå både faglærar, kontaktlærar, rådgjevar og leiinga, er det kvart år enkelte elevar som sluttar. Eit så høgt tal som 8 skoleåret 22-23, trur vi mest skuldast tilfeldigeheiter. Det som er urovekkande er at 4 av desse var på vg3-nivå, og dermed nesten i mål med den vidaregåande opplæringa si. I tillegg var 3 elevar på vg2 yrkesfag. Ved fullført skoleår ville desse ha vore klare for å gå ut i lære.

Kontaktlærar har låg terskel for å melde bekymring både til føresette (for elevar under 18 år) og til rådgjevar/leiing viss ein elev har fråvær, strevar fagleg eller viser andre risikoteikn med tanke på moglegheit for å fullføre skoleåret. Skolen har og låg terskel for avklaringssamtalar og samarbeider godt med både PPT og ungdomsteamet for å gi

elevar som treng det nødvendig hjelp for å kunne fullføre skolegangen. Vi ser at det for dei som sluttar ofte handlar om psykisk helse. I løpet av hausten -23 vil skolen gjennom PPT-ressursen få tilgang til psykolog. Denne ressursen ynskjer vi å bruke til førebyggjande arbeid innafor psykisk helse.

4.5 Overgangar

Overgang frå ungdomsskole

God samhandling med ungdomsskolane i opptaksregionen Halså, Rindal og Surnadal lettar overgangen for elevane frå 10. trinn til oss. Rådgjeving til elevar, føresette og lærarar, både frå rådgjevar frå skolen vår og frå rådgjevarane ved ungdomsskolane, er essensielt i samhandlinga. Slik vil elevane ha eit godt grunnlag for å gjera gode val.

Rådgjevarane samarbeider også seg i mellom, og rådgjevar/leiing frå oss er på besøk ute på ungdomsskolane og orienterer om tilbodet vårt. Skolen ved rektor deltek også på foreldremøte for 10. trinn i Surnadal, og vi inviterer elevar og føresette på 10. trinn i opptaksregionen til informasjons- og besøkskveld årleg. Vidare gjennomførast overleveringsmøter mellom skolane og jamlege møter i tverrfagleg team.

Skolen har elles faste treffpunkt gjennom året for elevane på 10. trinn. Eksempel på dette er karrieredag/open dag og hospitering. Å invitere 10.-trinnslevane inn i skolen gjennom ulike aktivitetar gjennom skoleåret vil vi halde fram med.

Skolen har også eit samarbeid med ungdomsskolen i Surnadal om faget arbeidslivsfag. Elevane på 9. trinn får delar av undervisninga i faget fysisk hjå oss, på utdanningsprogramma elektro- og datateknologi og teknologi og industrifag. Dette er eit godt tilbod for elevane som vi trur tryggjar dei i overgangen. Denne type samarbeid er og ein styrke både for vår skole og for ungdomsskolen. Samarbeidet held fram i 23-24.

Overgangar på vidaregåande

Overgang mellom trinn på vidaregåande er og viktig. Gjennom klasselærarmøta som gjennomførast ved skolestart, kor lærarane frå året før møter nye lærarar, får vi tilpassa opplæringa og møtt kvar elev med dei føresetnadane dei har for læring. Tema på møta er læringsmiljø, både på system- og individnivå.

Samarbeid med arbeids- og næringsliv og overgang til lære

Det er eit tett samarbeid mellom skolen og næringslivet i regionen. Elevane på yrkesfag får tilbod om praksis i yrkesfagleg fordjuping i løpet av skolegangen. Dyktige elevar ute i praksis gjer bedriftene positive til å ta i mot elevar, fordi dei tidleg får kjennskap til kva kompetanse som finst. I tillegg er bedrifter jamt inne på skolen for å kome i dialog med elevane. Slik blir elevane godt kjende med kva moglegheiter som finst. Utplassering gir også elevane god kjennskap til kva som møter dei når dei kjem ut i lære.

Som eit pilotprosjekt hadde barne- og ungdomsklassen på vg2 praksis i Spania våren - 23. Å ha moglegheit for internasjonalisering på denne måten gir elevane verdifull kunnskap for framtidig arbeidsliv. Dette var ei kostbar prioritering for skolen trass tilførte midlar, det er derfor uvisst om vi kan gjennomføre liknande praksis i 23-24.

Det er yrkesfaga ved skolen som naturlegvis har tettast samarbeid med bedriftene, ein viktig samarbeidspartnar her er opplæringskontoret som har tilhald på skolen. Dei to siste skoleåra har i tillegg studiespesialisering samarbeidd med bedrifta Pipelife gjennom Lektor-2 ordninga - eit vellykka samarbeid og eit godt eksempel på samarbeid mellom skole og næringsliv også for studiespesialisering. Samarbeidet held fram skoleåret 23-24.

Det er god tilgang på læreplassar, dette gjer overgangen til arbeidslivet etter ferdig skolegang enklare. Unntaket bak i tid har vore læreplassar i barne- og ungdomsarbeidarfaget på studieprogrammet helse- og oppvekstfag, men dei siste åra har det og her vore god tilgang. Vi ser heller ein tydeleg trend til at ein ikkje greier å fylle tilgjengelege læreplassar i regionen.

Det kan òg nemnast at skolen i 22–23 hadde eit tett samarbeid med næringslivet i regionen gjennom praksiskandidatløp i automatiseringsfaget, for produksjonsteknikkar og for helsefagarbeidar. Dette er sentrale moment i overgangen mellom skole og næringsliv.

Overgang til høgare utdanning

Spesielt faglærarar på studiespesialisering og påbygging til generell studiekompetanse har i den daglege opplæringa fokus på å gi elevane gode føresetnader for framtidige studiar. Elles sørger først og fremst rådgjevar for at elevane får den kompetansen dei treng for å kunne gjera gode val for framtida gjennom mellom anna informasjon om høgare utdanning og rettleiingssamtalar med kvar elev.

Tverrfagleg samarbeid

Avsluttande kan viktigheita av eit tverrfagleg samarbeid nemnast med tanke på gode overgangar. Vi opplever eit godt samarbeid med grunnskole, PPT og helse- og ungdomstenester. I Surnadal og Rindal, som er dei to viktigaste opptakskommunane våre, er det ein gjennomgåande PP-teneste. Det at PPT kjenner elevane frå grunnskolen er med og sikrar ein god overgang mellom grunnskole og vidaregåande opplæring.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Generelt

Arbeidet med leiing og profesjonsutvikling er forankra i skolen si handlingsplan for kvalitet i opplæringa, kor hovudmålet er: «Vi skal ha eit profesjonsfellesskap prega av delingskultur, kor alle opplever å vera aktive deltakarar i arbeidet med å gjera skolen til ein god læringsarena for elevar og tilsette». I arbeidet med handlingsplana har det vore sentralt å ta utgangspunkt i kva som er best for eleven. Dette er konkretisert i skolen sitt overordna mål: "Elevane ved Surnadal vidaregåande skole skal fullføre, vera budde på det som kjem og meistre liva sine i medgang og motgang." Skolen sitt overordna mål skal gjennomsyre alt vi gjer.»

Kompetanseutvikling og kompetanse for kvalitet

Skolen si plan for kompetanseutvikling er kopla til handlingsplan for kvalitet i opplæringa. I kompetanseplana skisserast skolen sine kompetansebehov på kort og lang sikt innanfor etter- og vidareutdanning. Skolen hadde skoleåret 22-23 tre tilsette på vidareutdanning innanfor ordninga kompetanse for kvalitet (KFK). Ein tilsett på grunnutdanning og to på vidareutdanning for lærarar (av desse ein lærar på vikar- og ein på stipendordning).

Arbeid i profesjonsfelleskapet

Arbeid med læreplanar etter Fagfornyinga og fokus på samanhengen mellom undervegs- og sluttvurdering er to av skolen sine etterutdanningstiltak som er forankra i kompetanseplana. Som i 20-21 og 21-22 arbeidde vi også i 22-23 med desse momenta både i kvart fag/på kvar avdeling og samla for alle lærarar gjennom kunnskapsdeling i fellestid for alle lærarar. Deltema som kan nemnast er sluttvurdering, felles vurderingspraksis i orden og i åtferd og Chat GPT.

Vi starta også eit samarbeid med Sunndal vgs og Tingvoll vgs om temaet undervegs- og sluttvurdering, gjennom ein felles fagdag for faggruppene ved skolane. Arbeidet vart organisert med utgangspunkt i faggruppene, og målet var å auke kompetansen både internt i faggruppa på skolen og samla sett. For Sunndal vgs var dette ei vidareføring av arbeidet med vurderingspraksis som skolen hadde skoleåret 21-22. Da samarbeidde vi mellom anna med Arve Fiskarstrand frå Høgskolen i Volda. Til fagsamarbeidet på Indre Nordmøre søkte vi om og fekk innvilga midlar gjennom ordninga for DeKom-skole. Skoleåret 23-24 har vi planer om å vidareutvikle dette samarbeidet, mellom anna gjennom ei felles fagsamling for dei tre skolane i løpet av hausten.

Andre deltema som kan nemnast, som det har vore arbeidd med i fellestid for undervisningspersonell skoleåret 22-23, er eksamen, innføring av Teams, beredskap ved alvorlege skolehendingar, kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis, samt rutinar og aktivitetsplikta innafor skolemiljø (tidlegare omtala).

Arbeid i fagnettverka

Møter i fagnettverka er eit viktig etterutdanningstiltak, og har tradisjonelt vore gode arena for erfaringsdeling og kunnskapsutvikling. Skoleåret 22-23 vart dei fysiske samlingane igjen gjennomførte, etter fleire år med avlysing grunna korona. Dette er vi glade for.

Digital kompetanse

Skolen arbeider systematisk med å utvikle den digitale kompetansen til elevar og lærarar. Vi har ei «IKT-gruppe» som består av 2 lærarar frå hhv. studiespesialisering og yrkesfag, 2 avdelingsleiarar og rektor. IKT-gruppa har ansvar for pedagogisk bruk av IKT og ulike fagsystem, spesielt knytt til Teams, programmering og kunstig intelligens. IKT-gruppa gjennomfører opplæring både for elevar og tilsette, og støtter lærarane i arbeidet med digital kompetanse i det einaskilde faget.

For skoleåret 22-23 vart mykje av tida IKT-gruppa hadde til disposisjon nytta til innføring av læringsplattformen Teams. I tillegg gjekk mykje tid til administrering av og opplæring i ulike program i dei tekniske faga, ikkje minst innafor programmering. Skoleåret 23-24 vil IKT-gruppa i tillegg prøve å prioritere tid til korleis kunstig intelligens påverkar faga.

Skolen har i tillegg til den nemnte IKT-gruppa, som har ansvaret for pedagogisk oppfølging, tildelt 20% IKT-ressurs og IKT-lærning i to dagar. Denne ressursen skal ta hand om det tekniske. Vi erfarer at denne IKT-ressursen er alt for liten. Det digitale sin inngripen i skolekvardagen blir meir og meir omfattande. Skolen vil halde fram med å prioritere av eigne ressursar til å følgje opp pedagogisk bruk av IKT, men har sterkt behov for auka teknisk IT-ressurs i tillegg. Sentralisert IT-support kan løyse noko av utfordringane og problemstillingane som dukkar opp, men behovet for lokal støtte blir ikkje dekt av dette.

Kunnskapsdeling

Det er mykje god kompetanse blant lærarane på skolen. Ikkje minst gjeld dette nyttilsette, som er høgt kvalifiserte og som kjem med ny kunnskap. Å legge til rette for kunnskapsdeling både internt og på tvers av fagavdelingar blir slik like viktig framover. Skolen held fram med same mål og tiltak innanfor leiing og profesjonsutvikling skoleåret 23-24. Dette er og skal vera eit langsiktig arbeid, kor fokus over tid er viktig.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no